

Hjorteforvaltninga i Luster



Hjort i Luster kommune

2008 var det femte året på rad kor vi har freista å systematisk samle inn data om hjortebestanden både i ulike område og kommunen sett under eitt. Hjortebestanden i Luster er av svært stor økonomisk og rekreasjonsmessig verdi. Berre i kjøt-verdi er bestanden verdt omlag 2,31 millionar kroner per år etter standard metode for verdivurdering av viltrettar.

Det er mange faktorar/premissar som styrer kor tett bestand me har i ulike område, kva dyr me har (bestandssamansetninga) og korleis kvalitet desse har (kondisjonen).

Kort oppsummert er det historisk tildeling og tildelingsfordeling på ulike dyr, historisk avskyting og avskytingsfordeling og jakt og forvaltning i nabokommunane som ligg til grunn for korleis hjortestamma er og har utvikla seg. I tillegg kjem sjølvstakt faktorar som beitegrunnlag i ulike område, naturleg dødelegheit på hjort, veksthastigheit i bestanden osv., som me i stor grad ikkje rår over og som ein heller bør ha som grunnkunnskap i samband med hjorteforvaltninga.

Tildelinga og tildelingsfordelinga har me oversikt over, i lag med avskyting og avskytingsfordelinga. I tillegg har me gjennom "sett – hjort" fått eit innblikk i korleis tettheita og bestandssamansetninga varierer.

Det er jegeren som er den utøvande og viktigaste viltforvaltaren og deira forvaltning/avskyting er eit resultat av tildelte dyr, jaktetikk, preferansar for ulike typar dyr, jakttidar, jaktorganisering, jakteffektivitet og til slutt intensitet (kor mykje ein jaktar).

Viltforvaltninga i kommunen freistar å påverke jegerane direkte gjennom tildeling av dyr og råmer for jaktutøvninga som fastsetting av jakttidar.

I tillegg kjem ein like viktig del av viltforvaltninga som er å synleggjere korleis avskytinga har vore, korleis den burde vore og korleis bestanden og bestandssamansetninga dermed varierar. Dette er viktig for å gjere jegerane bevisst på at deira avskyting og preferansar påverkar bestanden meir enn noko anna. Viltforvaltninga i kommunen vil dermed fortsetje med å gje ut små hefter som syner forvaltninga i kommunen under eitt, og eigne hefter for dei ulike hjortesonene. I tillegg vil det i vår/sommar verte arrangert opne jaktmøtar kor jegerane vil få komme med innspel til forvaltninga.

I dei neste sidene er det synleggjort historisk tildeling, avskyting og korleis bestanden har variert ut i frå "sett-hjort" dataa. Me vil også gje ein tolking/forklaring på statistikken.


De vil få kjennskap til:

- *Historisk tildeling*
- *Historisk avskyting*
- *Jaktpreferanse*
- *Bestandssamansetjing*
- *Bestandsvekst*
- *Kor lenge de er på jakt.*

Tildeling av fellingsløyve

Figuren syner at både tildelinga og tildelingsfordelinga har variert dei siste åra. Dette skyldast at ein har endra på arealkravet bak kvart løyve i samsvar med kva ein har funne naudsynt etter varierende tettleik i ulike område.

I 2008 gjekk kommunen bort i frå eit tildelingsregime som opna for "frie" løyve og over til eit regime med kun spesifiserte løyver. Dei "frie" løyva i 2008 er fleirårige løyver til storvald i samsvar med bestandsplan.



Endringa bort i frå frie løyve vart innført for å freiste å auke den retta avskytinga med vekt på kalvar og hodyr, sidan ein i 2008 hadde ei stor auke i totaltildelinga. Auka uttak av hodyr er viktig for å avgrense veksten i stamma, medan eit høgt uttak av kalv og ungdyr er viktig for kvaliteten og avkastninga til stamma.


Avskyting

Utvida jakt, stor auke i tildeling og kanskje ein framleis aukande bestand har ført til eit nytt år med rekordavskyting i kommunen.


Ein tok i 2008 ut totalt 473 dyr. Av desse var det 114 eldre bukkar mot 120 eldre hodyr. Vidare var det i alt 133 kalvar, 61 spissbukkar og 45 ungdøler.

Fellingsprosenten gjekk noko ned i 2008 på grunn av den høge tildelinga.

Avskyting i Luster kommune




Det er gledeleg at andelen eldre bukkar i uttaket (i prosent av totaluttaket), i 2008 var det lågaste som me har registrert nokon gong. Sidan eldre hanndyr stort sett har vore prioritert i jakta, trur me at jegerane no sparar desse meir enn før og legg hovudavskytinga på hodyr og kalvar/ungdyr. Dette kan tyde på at kommunen når fram med viktigheita av ei riktig avskyting. Kommunen har også gått bort i frå frie løyve, noko som truleg også er viktig.




Grafen til høgre syner kor mange dyr ein tek ut per 1000 da teljande areal i dei ulike områda av kommunen.

Sjølv om uttaket er påverka av faktorar som tildeling, jaktbarheit og tettleik, er det tydeleg at det i einsekte område er mykje lettare å ta ut dyr enn i andre.


I snitt vart det i 2008 teke ut 0.82 dyr per dekar med utmark.



Dersom me kun fokuserer på eldre hanndyr sidan desse er mest ettertrakta, så har me i grafen til høgre satt opp andel av eldre hanndyr observert mot andel eldre hanndyr skutt. Som de ser så har andel observerte hanndyr vore relativt stabilt rundt 25 % medan jaktpreferansen på eldre hanndyr har gått ned frå rundt 39 % til nesten 25. I 2008 tok ein ut omtrent så mykje hanndyr som ein kunne forvente ut i frå førekomst. Dei var altså ikkje så mykje "preferert" som dei har vore tidlegare. Sett-hjort byrja i 2004 difor byrjar den nedste grafen der.



Grafen til høgre ser ut som eit samansurium av trådar. Den er likevel svært interessant for det me har gjort er å sjå på om dei ulike områda føretrekk å skyte eldre hanndyr (om dei tek ut fleire enn ein kan forvente ut frå førekomssten etter "sett-hjort"), eller om dei "sparar" eldre hanndyr (tek ut færre enn ein kan forvente ut i frå observasjonane). Forklaringa til grafen er at alt over 100 % betyr at då vert eldre hanndyr føretrekt, medan alt under 100% betyr sparing av eldre bukk.



Me ser at Veitastri faktisk er sona der det er mest sparing av eldre hanndyr, medan ein sparar minst i Skjolden-Fortun. Jamt over sparar jegerane eldre hanndyr mykje meir no enn før.

“Sett– hjort” - Korleis er hjortestamma?


Sett – hjort syner kor mange hjort ein ser per timar jakt per jeger. Skilnader i dyr sett per innsats i dei ulike delane av kommunen kan skuldast fleire ting, blant anna ulik topografi, ulike jaktformer og ulik tettleik. I høve til jakt på innmark kan ein seie at ein i snitt ser 3 gongar så mykje hjort per innsats som ein gjer i utmark. Difor skal ikkje tala brukast til å samanlikne ulike område, men til å fange opp endringar innan same område mellom år. Når ein har fått slike tidsseriar er sett dyr per innsats ein viktig indikasjon på kva som skjer med storleiken på stamma. Einrek-

Bestandssamansetjing

Ein ser at bestanden vår ligg på rundt 40 % koller, 23 % eldre hanndyr, rundt 25 % kalv og ned mot 10 % spissbuk. Det ser ikkje ut til at det er mogleg å identifisere nokre tydelege "trendar" i bestandssamansetjinga dei siste fem åra. Med redusert avskyting av eldre hannar i 2008 vort det spennande å sjå om andelen eldre hanndyr aukar i 2009.

Det er viktig å vere merksam på at dette ikkje nødvendigvis er lik den "verkelege" bestanden sidan dataa byggjer på observerte dyr. Det kan liggje nokon metodiske feilkildar bak som til dømes at det er lettare å observere hanndyr enn hodyr. Endringar i bestanden frå år til år vil ein likevel oppdage i statistikken sidan det er dei same feilkildane som gjeld kvart år.


Bestandsanansetjing i kommunen



Bestandstettleik– sett per time jakta

Bestandstettleiken har i følge observasjonane til jegerane totalt sett hatt ei auke dei siste fem åra. Nedgangen frå 2007 til 2008 kan skuldast at 2007 kanskje låg litt for høgt, eller at auke avskyting kan ha hatt noko effekt.


Den store auken på Sørsida i 2007 skuldast i hovudsak to jegerar som såg svært mykje dyr den korte tida dei var på jakt. Dette drog opp snittet for heile sona og deretter noko for kommunen. Jamt over har det vore ein auke i bestanden fram til i alle fall i 2007.



Det er vanskeleg å seie om bestandsveksten no har flata ut, eller om bestanden går noko attende. Med tilsvarende fellingskvotar i 2009 som i 2008, vil truleg bestanden reduserast i samsvar med målsettinga til forvaltninga. Det ser uansett ut til at veksten i stamma har stansa.

Sjølv om sett hjort under jakt på innmark har store feilkilder, kan det være interessant å undersøke også disse registreringane, for å sjå om dei støtter opp om teorien om utflåting/nedgang i stamma. I følge sett hjort under

jakt på innmark, ser det også ut til at bestanden har gått noko attende sidan 2007.




Jaktinnsats

I 2008 var det både utvida jakt og ekstra mange fellingsløyve tildelt. Begge deler kan ha ført til at jaktintensiteten har auka i 2008.

Frå å ligge stabilt med eit snitt på i overkant av 14000 timar per år de fire fyrste åra, gjekk jaktinnsatsen opp til 18 500 i 2008. Dette har utvilsamt auka avskytinga, men me veit ikkje kor mykje sidan me ikkje veit når dyra vart felt. I 2006 då me registrerte vekt og alder til dyra, såg me at rundt 15 % vart skote i den utvida jaktperioden.

Me ser uansett at auken i avskytinga i 2008 kan knytast til auka avskyting i sonene Hafslo—Solvo, Indre Hafslo og Nes—Luster, -område med vinterbeite. Sidan desse områda også er hardast råka av beiteskadar, kan auka avskyting gjennom forlenga jakt vere eit målretta og godt tiltak.



Oppsummering

Med auka tildeling og utvida jakt, gjekk avskytinga opp i dei hjortetette områda kor hjorten står vinterstid. I dei andre områda hadde utvida jakt og fleire løyve lite å seie. På grunn av strengare retta avskyting gjennom bortfal av "frie" løyve og truleg også at jegerane vart flinkare, har me no komme langt i å betre avskytingsfordelinga.

Observerert bestandssamansetning fordelt på kjønn og alder har stort sett vore konstant dei åra me har brukt sett – hjort som verkty. Me observerer altså ikkje nokon stor endring i bestandsstrukturen. Med redusert avskyting av eldre hanndyr, ventar me at hanndyrandelen i bestanden vil auke i framtida. Dette er særst positivt.

Bestandsveksten ser no ut til å ha stansa. Me reknar det for meir truleg at avskytinga går ned, enn ei framleis auke neste år.

Me vil takke alle jegerane som pliktoppfyllande har ført og rapportert inn observasjonar av hjort og tida dei har vore på jakt.

Med helsing

Viltforvaltninga i Luster kommune.